

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr.2 2018/2019 Årgang 45

VED VIK SKULE YNSKJER ME AT ALLE SKAL VERA TRYGGE, ALLE SKAL
UTVIKLA SEG POSITIVT OG AT ALLE SKAL TRIVAST

JULETREFEST

Det blir juletrefest på Bygdahuset tysdag 18.12
kl.18.00-20.30.

Inni kontakten står det info om oppgåvefordeling.
På baksida er det påmeldingslapp som dokker
må klippe av og levere tilbake til skulen.



KALENDER FOR FØRJULSTIDA

30.11 Me tenner julegrana på
skulen.

13.12 Juleverkstad og grautfest for
alle elevane. Føresette og anna
familie er velkomne til å vere
medhjelparar på juleverkstaden. Det
er fint om kontaktlærer får melding
om nokon vil vere med.

Elevar som likar graut treng ikkje ha
med seg niste.

18.12 Juletrefest på bygdahuset kl.
18.00- 20.30.

21.12 Siste skuledag før jul. SFO
er open til kl. 16.30.



Elevrådet

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Elsa Lovise Fisk Eide	4.kl.	
Thea Rødde	5.kl.	
Marita Dommersnes Vågen	6.kl.	SU og Barnas kommunestyre
Ruben Bjordal	7.kl.	Leiar SU og Barnas kommunestyre

FAU - Foreldrerådet sitt arbeidsutval

Namn	Klasse	Funksjon / representant i
Roger Bauge	1.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval
Elisabeth Julsrud	2.kl.	Medl. i skulemiljøutval
Heine Maurangnes	3.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval
Gudvin Hetland	4.kl.	Leiar i FAU og medlem i SU
Ole Petter Bjerga	5.kl.	
Alice Frøvik	6.kl.	Skrivar
Cathrine H. Tindeland	7.kl.	Leiar i SU

SU- Samarbeidsutvalet

Namn	For	Funksjon
Cathrine H. Tindeland	FAU skulen	Leiar
Gudvin Hetland	FAU skulen	
Anna Høviskeland	Foreldreråd barnehagen	
Beate Håland	Foreldreråd barnehagen	Nestleiar
Judith Gundersen	Lærarane	
Anne Byrkja	Tilsette barnehagen	
Ellen Skretteberg	Tilsette barnehagen	
Hjørdis Marie Vårvik	Andre tilsette skulen	
Ruben Bjordal	Elevrådet	
Marita Dommersnes Vågen	Elevrådet	
Johannen Hustveit	Kommunen	
Anne Marte W. Tveit	Kommunen	Skrivar

Julefest

Det vert julefest tysdag 18. desember klokka 18.00 – 20.30.

FAU har lova at foreldra kan vera med på det praktiske arbeidet med festen. Tusen takk til alle!

Skulen kjøper inn og gjer klart alt ein treng av utstyr og mat.

Oppgåvefordeling :

Tillaging av salen, dekke bord, skaffe og pynte juletre måndag 17/12

kl.19.00: 1. og 2.klasse sine føresette.

Koke kaffi og ta imot inngangspengar

18/12 kl.17.00 Klassekontaktane i 5.-

6. klasse (dei skaffar event. andre om det ikkje passar)

Rydde bordene, vaskar opp og rydde kjøkken etter festen: Resten av 5.-7.klasse sine føresette.

Rydde og koste salen etter festen: 3.og 4.klasse sine føresette.

Dei som har barn i fleire klassar:

Dei som har barn både i 1.-2. klasse og 3.-7. klasse, er med på å lage til.

Dei som har barn både i 3.-4.kl og 5.-7. ser kor det er mest behov og er med på det.

Inngangspengar:

Me tar 50 kr. pr. pers. i inngangspengar . Elevane går gratis. Dette skal gå til å dekke utgifter til festen.

For at det skal vere ro i salen skal sysken sitje saman med foreldre/ besteforeldre på stolar ved borda. Elevane sit på stolar og benker framme ved scenen. Det er diverre ikkje mogleg å ta av plass til dei ved bordet.



Kalender våren 2019

02/01	Skulestart etter juleferien. Samtaletid helsesøster frå kl. 08.30 til ca. 10.30 kvar onsdag
15/01	Dansehalvdag for alle klassar i 4.-6. time.
21/01- 25/01	Foreldrekonferansar/ utviklingssamtalar for alle elevar
28/01	Elevfri
18/02	DKS «Fendelshorgens flokk» kl. 10.00 -10.45. 1.-7. klasse. Scenekunst. Besøk av Bjoa skule
22/02	Fellessamling i MUNA kl. 11.15. Ansvar 3.-4. klasse
25/02- 01/03	Vinterferie
04/03	Felles tema: «Vikebygd før og no» 04/03 – 09/04
18/03	Kartleggingsprøvar for 1. – 4. klasse. Gjennomføring 18/03 – 12/04
20/03	Pubertetsundervisning for 5. klasse
04/04	HPV-vaksine 2. dose for jenter 7. klasse. DKS « RISS grafikkverkstad» for 7. trinn.
09/04	Kulturettermiddag på bygdehuset.
12/04	Påsegudsteneste i kyrkja kl. 10.00. Alle velkommen!
15/04- 22.04	Påskeferie
01/05	Elevfri
07/05	Innskriving av nye elevar. Innskrivingsfest.
15/05	Fellessamling og øving til å gå i 17.-mai tog kl. 10.00
17/05	Elevfri
29/05	Fellessamling i MUNA kl.11.30. Ansvar 1. – 2. klasse.
30/05	Kristi Himmelfartsdag
31/05	Elevfri
10/06	2. Pinsedag
14/06	Halvårsvurderingar for elevane blir lagt ut i Visma.
19/06	Orienteringsdag. Skulen slutter og SFO starter kl. 10.45
20/06	Siste skuledag. Natursti, grilling og fellessamling med «Takk for oss» frå 7. klasse.

Telefonnr. og e-post

Rektor	53 65 57 30/ 92241257	Arbeidsrom (lærer)	53 65 57 33
SFO	53 65 57 35	Barnehage	53 65 57 39
Merkantil (ty + to)	53 65 57 32		

anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no

anni.hetland@vindafjord.kommune.no

Referat frå møte i samarbeidsutvalet 18.09.18

Desse møtte:

2 elevrepresentantar: Ruben Bjordal og Marita Dommersnes Vågen

Frå FAU på skulen: Gudvin Hetland og Cathrine Hamre Tindeland

Frå undervisningspersonalet: Judith Gundersen

Frå andre tilsette: Hjørdis Marie Vårvik

Frå tilsette i barnehagen: Ellen Skretteberg og Anne Byrkja

For kommunen : Anne Marte W. Tveit og Johannes Hustveit

Forfall: Frå foreldreråd i barnehagen: Beate Håland og Anna Høviskeland

Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er SU som er høyringsinstans for saker frå kommunen.

Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.

Cathrine Hamre Tindeland blei valt til leiar, Beate Håland til nestleiar

Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen

Anne Byrkja gjekk gjennom årsplanen for barnehagen. Ho orienterte mellom anna om satsingsområda dette barnehageåret.

«Psykologisk førstehjelp» vert eit av satsingsområda. I dette arbeidet brukar me begrepa raude og grønne tankar, og små bamsar som illustrerer dette. Me brukar også vennebøkene med vennekort og føleleskort.

I 2018/19 held alle barnehagane i kommunen fram med kurs og implementering av den nye rammeplanen som kom i mai 2017.

Kommunen jobbar også med BTI, Betre Tverrfagleg Innsats. Dette er ein samhandlingsmodell for tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Me vil jobbe vidare for å implementere dette i 2018-2019. Årsplanen blei godkjent utan merknader.

Sak 4 Diverse orienteringssaker

- IKT Elevrepresentantane Ruben Bjordal og Marita D. Vågen forklarte og viste oss korleis dei nytta iPad i undervisinga. Dei brukte den både til arbeid på skulen, innleveringar av oppgåver og til å gjere lekser på. Dei kunne t.d. lese inn leksene på iPaden og fekk kommentar tilbake frå læraren. Me vaksne blei skikkeleg imponert av det dei viste og kunne.

Ny IKT-plan for kommunen skal opp til politisk handsaming nå i haust. I denne er det mellom anna med forslag til faste løyvingar for innkjøp av IKT- utstyr for skulane.

- Nye tidspunkt for halvårsvurdering, foreldrekonferansar og elevsamtalar. Me vil i år ha ei prøveordning der foreldrekonferansane er i september og januar. Me vil skrive halvårsvurdering i januar og juni. Halvårsvurderinga som blir skriven i juni vil bli gjennomgått på konferansen i september.
- Vedtatt rulleringsplan for lokale tema på skulen. Tema i år: «Vikebygd før og no». Kulturettermiddagen blir 9. april.

Sak 5 Rullering av trafikksikringsplanen til kommunen.

- Marita og Ruben orienterer om **Barnetråkk** som mellomtrinnet har jobba med og 7. klasse har gjennomført elektronisk. Dei har då lagt inn skuleveg og fritidsveg og markert trafikkfarlege stader, mørke områder, leikeområder, fine stader osb. i elektroniske kart. Alle elevane i 7. klasse sine innspel er registrert i same kart og sendt direkte til kommunen i samband med rullering av trafikkskringsplanen.
- SU diskuterte trafikksikringsplanen og kom fram til at dei ville samarbeide om og gå for same forslag og prioritering som FAU. Leiar i SU, Cathrine H. Tindeland skal leggje fram SU sitt forslag på møte med teknisk avd. 3. oktober. På dette møtet vil også FAU, skulen og Grendautvalet leggje fram forslag.

Trafikksikringsplan Vindafjord kommune 2018 - Vikebygd

FAU OG SU ved Vik skule har jobba med trafikksikringsplanen og gått gjennom trafikktilhøva i Vikebygd. Me har sendt ut kart og informasjon til alle føresette på skulen og fekk inn mange innspel til arbeidet.

FAU og SU har kome fram til at punkta under er dei viktigaste. Me har sett punkta opp i prioritert rekkefølge. Dei er merka med same nummer på kartet.

1.Sykkel og gangveg frå bygdahuset til Alnavegen. (ca.300m)

2.Hurtigtiltak:

a)Fotgjengarfelt ved bygdahuset der skuleelevar og barnehagebarn kryssar vegen når dei skal til bygdahuset til gym osb.

b) Veglys og busslomme på Tindeland. Lys er 1. prioritet.

c) Veglys og busslomme ved vegen ned til Trovåg. Lys er 1. prioritet.

3.Sykkel og gangveg frå Bjoraelva (busslomma ved butikken) og til vegen ned til kyrkja.

4.Vegllys på Alnavegen.

5.Vegllys frå Alnavegen til Kvame

Sak 6 Budsjettsituasjonen

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK.

Anne Marte W. Tveit

Skrivar

SKYSS AV ELEVAR

Minner om tidlegare vedtak i FAU: «Skuleelevar som får bilskyss bør hentast og leverast ved sykkelskuret nede ved ballbingen. Det er ofte for mange bilar, og det blir farlege situasjonar ved den andre parkeringsplassen. Elevane har ikkje vondt av å gå opp bakken.»

GUDSTENESTE

Som ein del av skulen si kultur og tradisjonsformidling har me oftast hatt gudsteneste i kyrkja siste dag før juleferieen. Me vil framleis ha gudsteneste i kyrkja ein gong kvart år, men kjem framover i ein periode til å ha denne på ulike tider av året, t.d til advent, pinse eller påske. Me vil på den måten bli betre kjent med dei ulike høgtidene i kyrkja. Dette skuleåret blir det påskekudsteneste den 12. april.



NY LÆRAR

Mona Dagsland, som starta i vikariat for Sandra i haust, slutta hos oss den 18.11. Ho likte seg godt saman med både barn og vaksne ved Vik skule, men fekk nå jobb ved Solvang skole i Haugesund og føretrakk kortare kjøreveg. Me var så heldige å få Ann Kristin G. Eriksen tilsett i jobben vidare. Ho var nettopp ferdig med eit svangerskapsvikariat ved Skjold skule.

Me vil takke Mona for jobben ho har gjort og ønskjer Ann Kristin velkommen til oss.

MØRKE GATELYS

Haugaland kraft vedlikeheld gatelysa i Vindafjord og feil kan meldast på <https://www.hkraft.no/meld-om-morke-gatelys/>. Om det er mørke gatelys der du bur eller ferdast er det lurt å melde det inn.

----- KLIPP UT-----

Påmelding til juletefest 18.12.18
klokka 18.00 – 20.30

Lever tilbake til skulen seinast måndag 10. desember.

Frå _____ sin familie kjem

_____ elevar

_____ vaksne

_____ sysken



**God jul og
godt nytt år
til alle.**